



VILKÅR I TARIFFANE.

Tariff H4/S1:

- **H4** er den vanlege hushaldtariffen.
- Tariffen blir nytta for eit enkelt hushald eller anlegg med mogleg uttak opp til 25 kW og/eller forbruk opp til 40.000 kWh.
- Leiligheiter, hyblar og liknande mindre enkle anlegg kjem inn under denne tariffen dersom dei ikkje vert målt saman med bustad/huseigar.
- **S1** er ein særtariff for fristraumkundar og er i utgangspunktet lik H4.

Tariff H4.1:

- Tariffen er ein rein hyttetariff og gjeld for fritidsbustader der kunden ikkje er fastbuande.
- For større uttak gjeld vilkår som for H4S-tariffen.

Tariff N1:

- **N1** blir nytta for mindre næringsverksemd og har i utgangspunktet same vilkår som H4.
- Som mindre næringsverksemd blir rekna forretningar, verkstader, gardsbruk og liknande anlegg.

Generelt:

- For desse tariffane gjeld at når forbruket kjem over 40.000 kWh/år vel kundesystemet automatisk tariff N1S/H4S.
- Maks uttak på 25 kW
- 415 V blir levert i enkelte område

Tariff N1S/H4S:

- **N1S/H4S** blir brukt for tilsvarende anlegg som N1/H4, men for større uttak og forbruk.
- **N1S/H4S** gjeld frå mogleg uttak på 25 kW og høgare og/eller forbruk over 40.000 kWh/år.
- Max-grense blir 90 kW og 400.000 kWh/år.

Tariff T3.1 – Storkundar:

- Uttaksgrenser blir sett etter tinging og nærare avtale.
- For tariffar med maks-måling gjeld høgaste målte verdi i ein av månadane frå og med november til og med mars.
- For tariffane gjeld i utgangspunktet 230V spenning. Inntak, inntakssikring, overlastvern er definert som sikringar/vern framføre målararen.
- I særlege tilfelle og område kan 415V bli levert på førespurnad til næringsverksemd.

Tariff S2 – Byggestraum:

- Elverket leiger ut byggestraumskap så langt det er ledige skap på lager.
- Byggestraumskap er provisoriske/midlertidige anlegg og gjeld bare for korte tider medan bygging/omlegging pågår.
- Maks grense for utleige er i utgangspunktet 6 mnd.
- Utbyggjar må skaffe stativ eller liknande til byggestraumskapet i samråd med elverket.
Sjå meny byggestraum på heimesida.

Uttak av reaktiv effekt.

Uttak av reaktiv effekt må ikkje ved nokon belastning vera større enn 30 % av den aktive effekt som til ei kvar tid blir tatt ut. Viser det seg at uttaket er større, vil det for uttak over 30 % bli krevd eit gebyr likt med aktiv effekt.

Det kan krevjast at uttak av reaktiv effekt ut over 30 % skal kompenseras omgåande. Reaktiv effekt blir avrekna likt med effekt.

Kraftleveranse etter netteigars leveringsplikt

Når kunden ikkje har valgt kraftleverandør eller når valgt kraftleverandør ikkje er leveringsdyktig, er Forsand Elverk KF pålagt av myndighetene å levera straum. Dette er ei midlertidig ordning, og det er venta at kunden raskt finn ny kraftleverandør. Krafta blir avrekna etter målt eller stipulert forbruk med spotpris i kraftmarknaden og eit påslag på 5 øre/kWh, inkludert mva.

Nettleien blir ikkje påverka av denne leveringsforma.